

# 1. tertial 2014

---

## Økonomistatus for Kvam herad per 1. tertial 2014

Kommunelova §47 omhandlar årsbudsjettet si binding for underordna organ i 1. ledd.

2. ledd seier at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få påverknad for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på, skal administrasjonssjefen gje melding til heradsstyret.

3. ledd seier at dersom heradsstyret får ei slik melding, skal det føreta nødvendige endringar i budsjettet. Det same gjeld når heradsstyret på annan måte vert kjend med forhold som kan medføre vesentleg svikt i inntektene eller vesentleg auke i utgiftene i høve budsjettet.

---

## Innhold

1	Endringar og risikomoment - drift.....	2
2	Endringar og risikomoment - investering.....	4
3	Søknadar om støtte.....	5
4	Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar – mai 2014.....	6
5	Økonomisk hovudoversikt - drift.....	7
6	Rammeområda - drift.....	9
7	Økonomisk hovudoversikt - investering .....	11
8	Prosjektoversikt.....	13
8.1	Nye prosjekt i tertialen .....	14
8.2	Endra prosjektrammer i tertialen.....	14
9	Statuskommentar til budsjettvedtak, sak 087/13 .....	16
10	Fondsoversikt .....	27
11	Vedlegg.....	27

# 1 Endringar og risikomoment - drift

Kvam herad har fått nye, store utfordringar i løpet av 1. tertial 2014. Blant anna er det stor reduksjon i skatteinntekter (4,6 MNOK/mill.kr) og auka utgifter i samband med ras (1 MNOK) og barnehageplassar (2,2 MNOK). Størst er likevel det kraftige fallet i kraftinntektene. Så langt tyder prognosen på eit inntektsfall på 7,5 MNOK i høve budsjettet.

Nokre element går i kommunen sin favør, som lågare utgifter til lån (0,5 MNOK), snøbrøyting (0,6 MNOK) og straum (0,3 MNOK), men på langt nær nok.

Dette kjem i ein periode der einingane i kommunen allereie er i ferd med å setja i verk nye, krevjande innsparingstiltak. Tiltaka vil gje innsparingar på sikt, men krev fokus og ressursar for å få gjennomført. Rådmannen tilrår difor ikkje nye innsparingar i tertialen, men kommunen må førebu seg på å finna nye tiltak i samband med budsjett 2015 – økonomiplan 2015-2018. Sjølv om det i framlegget ikkje vert lagt inn nye innsparingar i rammene i tertialen, tyder ikkje det at organisasjonen ikkje skal realisera kortsiktige innsparingstiltak der det er mogeleg.

Når det gjeld prognosen om vesentleg lågare kraftinntekter, avventar rådmannen med å tilrå budsjettjustering til 2. tertial. Dette fordi relativt lite av volumet er seld endå, og at ei eventuell justering for fall i inntektene vert mot fondsmidlar. Rådmannen tilrår difor å redusera fondsavsetninga i tertialen med 6,5 MNOK i fyrste omgang, og ikkje med ytterlegare 7,5 MNOK for å finansiera bortfallet av kraftinntekter.

Lønsoppgjeret var ikkje klart då tertialen vart utarbeidd, men det er forventa at noko av dei tapte skatteinntektene på nasjonalt nivå vert kompensert med lågare lønsoppgjær. Dette vil i så fall verta innarbeidd i 2. tertial, og sett opp mot reduserte kraftinntekter eller fondsavsetning.

## Frie inntekter

Det nasjonale budsjettforliket i 2013 medførte ein reduksjon i skatt- og rammeinntekter på 3,6 MNOK for Kvam herad. Endringa i dei frie inntektene kom så seint at dei ikkje vart innarbeidd i kommunen sitt budsjett. I revidert nasjonalbudsjett (RNB) vart dei frie inntektene redusert med ytterlegare 1,5 MNOK. Totalt er skatteinntektene redusert med 4,6 MNOK, og rammetilskotet med 0,5 MNOK. Noko av reduksjonen kom som bortfall av oppgåver, som for eksempel kulturskuletilbod som del av SFO og skulefrukt. I tillegg vart det vedteke auka foreldrebetaling i barnehagar. Totalt 0,3 MNOK.

Per april har den nasjonale skatteinngangen vore 2,4% høgare enn i fjor, men lågare enn dei 3% som er lagt til grunn i RNB. Tidlegare har svikt i skatteinntektene ofte vorte kompensert med auka rammetilskot i RNB. Det er ikkje gjort i år.

For Kvam var skatteinngangen på 61,1 MNOK per april mot 60,4 MNOK i fjor, ein auke på 1,2%. Per april er 31,8% av budsjettet skatteinntekt kome inn, same prosentandel som i fjor. I prosent av landsgjennomsnittet ligg Kvam på 91,4% per april. Sidan Kvam ligg under landssnittet får kommunen kompensert noko av manglande skatteinntekter frå dei andre kommunane (inntektsutjamning). Denne er auka med 1 MNOK til 14,7 MNOK for 2014, men sidan det er låg skatteinngang elles i landet, vert det totalt eit fall i dei frie inntektene for Kvam.

Utanom om inntektsutjamninga, ligg resten av rammetilskotet fast etter RNB (249 MNOK), men det kan framleis koma endringar i skatteinntekter og inntektsutjamning (totalt 207 MNOK).

## Kraftinntekter

Prognosane per april er lite lysteleg lesing. Prisen på kraft fell kraftig, og spotprisen i april var heilt nede på 194 mot 273 i januar og 303 i 2013. Budsjettavviket er fordelt med 3,6 MNOK på heimfallsinntekter og 3,9 MNOK på konsesjonskraft, totalt 7,5 MNOK. Om lag 40% av volumet på heimfallkraft er seld. Vel 14% av konsesjonskrafta er seld. Rådmannen håpar såleis på betre prisar i 2. tertial, og avventar evt. Budsjettjustering.

## Lønsoppgjer

Lønsoppgjeret var ikkje klart då tertialen vart utarbeidd. 2014 er eit såkalla «hovudoppgjer», og det har vorte forhandla på «overtid». Lønsoppgjeret utgjer ein sentral fastsett del, og ein lokalpott. Storleiken på den lokale potten vert i all hovudsak fastsett sentralt, men fordelinga lokalt. Forhandlingane finn stad i oktober. Det ser ut til at lønsveksten vert lågare enn budsjettert, viss oppgjeret viser seg å verta på 3,3% mot budsjettert 3,5%. Konsekvensen for Kvam vil verta innarbeidd i 2. tertial.

## Pensjonsutgifter

Kvam herad skifta formelt pensjonsleverandør frå Storebrand til KLP, men flytteprosessen har pågått i heile 1. tertial. Per mai 2014 er etablering i KLP sitt medlemssystem utført, og KLP har overteke pensjonsutbetalingane. Flytteoppgjer er forventa i midten av juni, og oppdatert likviditetsbudsjett og GKRS for 2014 vert produsert etter dette. Det vil òg utrekning av eigenkapitalinnskotet til KLP verta. Etter det vil rådmannen vurdere nivået på pensjonen i 2014 mot utrekningane frå KLP. Det er ikkje gjort endringar på pensjonsutgiftene i 1. tertial.

Rådmannen forventar betre rapportar og oversikt etter at KLP har overteke, men at dei grunnleggjande utfordringane med ytingsbaserte pensjonar, framleis vil vera svært krevjande for kommunen i mange år framover.

Når det gjeld premieavviket, legg regjeringa opp til at dette skal fordelast over 7 år, og ikkje 10 som i dag. Det er endå ikkje noko som tyder på at kommunane kjem til å få kompensert for dei auka pensjonsutgiftene. Tvert om vert det halde fram at pensjonsutgiftene er kommunen sitt ansvar.

## Rentenivå

For å finansiera bortfallet av inntekter, er det teke inn at kommunen i 1. tertial har fått låna noko rimelegare enn budsjettert. Låneutgiftene er difor redusert med 0,5 MNOK. I langtidsprognosane ligg det framleis inne ein auke i rentenivået, og lånevolumet til Kvam herad gjer kommunen sårbar i høve renteauke.

## Enkelt saker

Som tidlegare år, kan det framleis koma enkelt saker som krev hastetiltak og relativt store ressursar. Til dømes har barnevernssaker tidlegare år medført store uforutsette utgifter. Med samhandlingsreforma, har kommunen fått nye risikoelement inn i drifta i høve volumet på enkelt saker.

I denne tertialen er det òg eit nytt element som kan omtalast som «enkelt saker» - ras. I 1. tertial gjekk det 10 ras i ein periode med svært store nedbørsmengder. Det ligg inne midlar i drifta til førebygging og opprydding, men dette måtte aukast med 1 MNOK så langt. I 2. tertial kjem rådmannen med ei sak for 2 rasområde – Bergshagen og Fitjadalen. Her må ein vurdere om ein skal gjera ein enklare opprensing til om lag 0,4 MNOK per stad, eller om ein skal gjera ei større førebyggjande opprensing til om lag 4 MNOK per stad. Slike enkelt saker som følgje av meir ekstreme værforhold, må ein rekna med at kjem fleire av framover.

## Innsparingskrav og -tiltak

Med unntak av nye utfordringar som rasutgifter og auke i etterspurnad etter barnehageplassar, melder einingane at innsparingstiltaka er krevjande, men at dei ser ut til å kunne løysa oppgåvene sine innanfor budsjettammene.

## 2 Endringar og risikomoment - investering

Prosjektlear for barnehageprosjekta er endeleg på plass, og ein har byrja arbeidet med regulering og kalkyler. Dei fyrste kalkylene tyder å at ramma på 82 MNOK ikkje held, men rådmannen kjem attende etter projektering.

### I tertialen er det foreslått å utvida rammene til følgjande prosjekt:

**P18132** – Oppgradering HST-sal: Prosjektet er auka med ytterlegare 0,7 mill.kr + mva for å finansiera heile prosjektet. Det er foreslått å bruka lån.

**P60146** – Fornyng teknisk utstyr er foreslått auka med 0,5 MNOK til kjøp av gravemaskin (0,5) og hjullaster (1). Gravemaskina vart «hasteinnkjøpt» i vår, men ein treng ein hjullaster til vinteren 2014/15 for å handtera brøytekontakt. Fornyng teknisk utstyr er eit årleg prosjekt på 1 MNOK. Det har ikkje vorte fullt utnytta kvart år, men i 2014 ber ein om å få gå 0,5 MNOK over.

**P61131** – Rassikring – mur: Prosjektet er auka med 0,75 mill.kr + mva etter at sikringane vart vesentleg dyrare. Prosjektet er snart avslutta, og skilnaden er foreslått i hovudsak lånefinansiert og noko frå mva.kompensasjon.

**P62141** – Opprusting Storeteigen. Som del av heradsstyret sitt budsjettvedtak, vart det oppretta eit prosjekt for opprusting av Storeteigen på 0,15 MNOK. Bygdagnist har arbeidd med å få finansiert ei større opprusting av verkstad, offentleg toalett og bebuar toalett/kjøken. Nokre søknader har vorte innvilga, men det har vist seg vanskeleg å få midlar til verkstad og offentleg toalett. I vår har det oppstått ein kritisk situasjon for verkstaden og noverande toalett. Dreneringa er svært dårleg, og verkstadbygg står i fare for å verta øygdelagd, og kommunen har fått svært høge utgifter til tømning av septiktank. I tertialen er det difor lagt inn ei rammeauke på 0,7 MNOK + mva.

**P71092** – Strandvegen har fått justert rammene med 3,225 MNOK som er oppjustering for tidlegare tildelte midlar til prosjektet frå stat og fylke.

**P90131** – Ålvik skule. Rammene er justert i tråd med tidlegare HST-vedtak.

### Det er oppretta eit nytt prosjekt i tertialen:

**P18141** – Oppussing kjellar rådhus. Kontorlokala til IT-avdelinga trengte ei oppussing og meir hensiktsmessige lokale. Estimaten var på under 0,1 MNOK, og dermed ikkje eige investeringsprosjekt. Etter at veggjar vart rivne, kom det fram at ventilasjonen måtte skiftast, og at resten av oppussinga vart vesentleg mykje dyrare enn føresetnaden. Det må difor førast i investeringsrekneskapen, og opprettast eit investeringsprosjekt. Det er lagt inn 0,5 MNOK i tertialen, finansiert med låneopptak.

**P19141** – Hardangerbadet. Prosjektet er oppretta i tråd med HST-vedtak med 0,5 MNOK til prosjektstilling og 1,5 MNOK i tilskot til Hardangerbadet AS, finansiert med mastefond.

**P62142** – Brannsikring «Grøne bygget». Trapper og inngangsparti må brannsikrast for at kommunen skal kunne halda fram med å bruka bygget. For tida leiger HAKU bygningen. Prosjektramma som er føreslått, dekkjer ikkje full bruk av 2. etasje. Dette vil rådmannen avventa til dess framtidig bruk av bygget er avklara. Prosjektet er foreslått lånefinansiert.

### Andre prosjektkommentarar:

**P74131** – Kom.plan for næring og kompetanse overstig rammene med kr 13.000. Dette er møteutgifter o.a. knytt til prosjektet, men som vil verta overført til driftsrekneskapen.

**P90074** – Norheimsund barneskule har ei overskriding på 1,6 MNOK.. Prosjektet er endå ikkje heilt ferdigstilt, men det er klart at rammene vert overskride nok ein gong. Rådmannen kjem attende til finansiering i 2. tertial.

**P61083** – Oppgradering vassverk viser eit overforbruk på 1,6 MNOK.. Prosjektet er ikkje justert for sal av hytte. Dette vil verta gjort i 2. tertial, og då reknar ein med at prosjektet kjem innanfor rammene.

**P61110** – VA-leidning Kvammapakken har ei overskriding på 2,7 MNOK. Vert gjennomgått saman med P61119 og 61120 i 2. tertial.

**P61111** – Hovudreanseanlegg avløp ligg inne med ei ramma på 8 MNOK. Ein konsulent har rekna på renskravet i høve at avløpet frå Kvamskogen og skal inn i dette anlegget, og signalisert at det

medfører ein kraftig auke i krav og kostnad til anlegget. Ei grov kalkyle på 40 MNOK er skissert, men vil verta gjennomgått og vurdert i løpet av 2. tertial.

### **3 Søknadar om støtte**

Hardanger Kunstsule (HAKU) har likvide utfordringar og opparbeidde underskot. I brev datert 14.5.14 ber dei om utsetjing/fritak for husleige. Søknaden er ikkje vurdert til tertialen, men rådmannen har avtala møte med leiinga for å gå gjennom problemstillingane til skulen.

Hardanger og Voss museum har søkt Kvam herad om 2,0 mill. kr til ombygging av sjøhus til publikumsmottak på Hardanger fartøyvernseret. Søknaden vert vurdert i samband med budsjettet for 2015 – økonomiplan 2015-2017.

Søknader til ordinære støtte- og tilskotsordningar vert handsama for seg.

## 4 Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar – mai 2014

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden januar – mai 2014. Vedtaka er innarbeidd i tertialen.

Møte dato	Saksnr.	Sakstittel	Vedtak i kr	Finansiering
08.04.2014	HST-015/14	Ålvik skule, nybygg. Budsjettjustering	11.250.000	I hovudsak lån
19.05.2014	HST-026/14	Søknad om kommunal deltaking i Hardangerbadet	2.000.000	Mastefond
19.05.2014	HST-036/14	Samferdselsutvalet 2014-2015 – drift og finansiering av utvalet	800.000	Tidlegare års overskot
19.05.2014	HST-037/14	Høgskuleundervisning i Hardanger – søknad om driftsstøtte	80.000 x 5 år	Innanfor rammene til næringsavdelinga
06.05.2014	FSK	Utescene – KORK	300.000	Mastefond

## 5 Økonomisk hovudoversikt - drift

Økonomisk hovudoversikt – driftsbudsjett 2014, endringer i 1. tertial

A. ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT, INKL. PROSJEKT							
DRIFTSINNEKTER							
	Rek 2014, 1T	Opph.bud 2014	Budsjett 2014 etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 1. tertial		
LN01 Brukarbetalingar	9 688	21 701	22 106	43,8 %	406		
LN02 Andre sals- og leigeinntekter	20 992	48 228	48 058	43,7 %	-170		
LN03 Overføringer med krav til motyting	20 481	61 983	62 306	32,9 %	323		
LN04 Rammetilskot frå staten	128 282	264 121	263 651	48,7 %	-470		
LN05 Andre statlege overføringer	9 431	40 520	40 520	23,3 %	0		
LN06 Andre overføringer	3 134	19 478	19 478	16,1 %	0		
LN07 Skatt på inntekt og formue	91 318	196 693	192 058	47,5 %	-4 635		
LN08 Eigedomsskatt	19 925	40 000	40 000	49,8 %	0		
LN09 Andre direkte og indirekte skattar	0	3 888	3 888	0,0 %	0		
<b>LN10 Sum driftsinntekter</b>	<b>B</b>	<b>303 252</b>	<b>696 611</b>	<b>692 065</b>	<b>43,8 %</b>	<b>-4 547</b>	
DRIFTSUTGIFTER							
	Rek 2014, 1T	Opph.bud 2014	Budsjett 2014 etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 1. tertial		
LN11 Lønsutgifter	163 148	376 389	377 535	43,2 %	1 146		
LN12 Sosiale utgifter	53 457	115 419	115 857	46,1 %	439		
LN13 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	28 948	81 724	83 812	34,5 %	2 089		
LN14 Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	13 225	31 157	31 157	42,4 %	0		
LN15 Overføringer	23 703	65 853	67 933	34,9 %	2 080		
LN16 Avskrivningar	0	33 918	33 918	0,0 %	0		
LN17 Fordelte utgifter	-50	-2 359	-2 359	2,1 %	0		
<b>LN18 Sum driftsutgifter</b>	<b>C</b>	<b>282 431</b>	<b>702 100</b>	<b>707 854</b>	<b>39,9 %</b>	<b>5 754</b>	
<b>LN19 BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>D=B-C</b>	<b>20 821</b>	<b>-5 489</b>	<b>-15 789</b>	<b>-131,9 %</b>	<b>-10 300</b>	
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER							
	Rek 2014, 1T	Opph.bud 2014	Budsjett 2014 etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 1. tertial		
LN20 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	10 204	33 500	33 700	30,3 %	200		
LN21 Gevinst finansielle instrumenter	0	100	100	0,0 %	0		
<b>LN23 Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>E</b>	<b>10 204</b>	<b>33 600</b>	<b>33 800</b>	<b>30,2 %</b>	<b>200</b>	
LN24 Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	13 179	24 503	24 003	54,9 %	-500		
LN25 Tap finansielle instrumenter	3	100	100	3,2 %	0		
LN26 Avdragsutgifter	5 599	29 700	29 700	18,9 %	0		
<b>LN28 Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>F</b>	<b>18 781</b>	<b>54 303</b>	<b>53 803</b>	<b>34,9 %</b>	<b>-500</b>	
<b>LN29 Resultat eksterne finansieringstransaksjoner</b>	<b>G=E-F</b>	<b>-8 577</b>	<b>-20 703</b>	<b>-20 003</b>	<b>42,9 %</b>	<b>700</b>	
LN30 Motpost avskrivningar	0	33 918	33 918	0,0 %	0		
<b>LN31 NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>I</b>	<b>12 244</b>	<b>7 726</b>	<b>-1 874</b>	<b>-653,2 %</b>	<b>-9 600</b>	
AVSETNINGAR							
	Rek 2014, 1T	Opph.bud 2014	Budsjett 2014 etter 1. tertial	Forbruk h.i.å %	Endring 1. tertial		
LN32 Bruk av tidligare års regnskapsmessige mindreforbruk	0	400	1 200	0,0 %	800		
LN33 Bruk av disposisjonsfond	0	1 100	3 400	0,0 %	2 300		
LN34 Bruk av bundne fond	201	24 329	24 329	0,8 %	0		
<b>LN35 Sum bruk av avsetningar</b>	<b>J</b>	<b>201</b>	<b>25 829</b>	<b>28 929</b>	<b>0,7 %</b>	<b>3 100</b>	
LN38 Avsetningar disposisjonsfond	0	9 255	2 755	0,0 %	-6 500		
LN39 Avsetningar til bundne driftsfond	30	24 300	24 300	0,1 %	0		
<b>LN40 Sum avsetningar</b>	<b>K</b>	<b>30</b>	<b>33 555</b>	<b>27 055</b>	<b>0,1 %</b>	<b>-6 500</b>	
<b>LN41 Regnskapsmessig meirforbruk/mind</b>	<b>L=I+J-K</b>	<b>12 416</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>#DIV/0!</b>	<b>0</b>	



## **Kommentar til tabell (tal i MNOK):**

### **LN10 - Sum driftsinntekter er redusert med 4,5**

Foreldrebetaling i barnehage aukar med 0,4 som fylgje av auke i makspris og oppretting av fleire avdingar. Årsaka til den store reduksjonen i inntekter er redusert rammetilskot frå staten og reduksjon i skatteinntekter på til saman 5,1.

I tillegg er det ein auke i inntekter til ressurskrevjande brukarar på 0,3 (tilsvarande utgiftsauke), og ein reduksjon i husleigeinntekter på 0,2 (tilsvarande utgiftsreduksjon)

### **LN18 - Sum driftsutgifter viser ein auke på 5,7**

Auken i lønn og sosiale kostnader som fylgje av barnehageutvidinga utgjer 1,5.

Forventa kostnad på leige, opprigging og kjøp av inventar til midlertidig avdeling i barnehage er på 1,0. Samferdselsutvalet sine kjøp av konsulentrapportar har ein kostnad på 0,8. Overføring og konsulentkostnad til Hardangerbadet aukar budsjettet med 2,0. Opprydding etter ras har ein kostnad på 1,0. Budsjettauken knytt til «*Da Kork kom til bygda*» er på 0,3. Lågare utgifter til snøbrøyting og straum reduserer kostnadene med 1,0.

Utgifter til PLO er auka med 0,3 (tilsvarande inntektsauke) og reduksjon i leigeutgifter er på 0,2.

### **LN19 - Brutto driftsresultat er 10,3 dårlegare enn opphavleg budsjett.**

### **LN29 - Resultat eksterne finanstransaksjonar er forbetra med 0,7.**

Inntektene aukar som fylgje av forventa auke i aksjeutbyte på 0,2 frå BKK, medan låge rentekostnader gjer at renteutgiftene kan reduserast med 0,5.

### **LN31 - Netto driftsresultat etter 1. tertial er resultatet er 9,6 dårlegare enn i opphavleg budsjett 2014.**

### **Avsetningar**

For å dekke auken i budsjett etter 1. tertial er fondsavsetjingane redusert med 6,5.

0,8 av tidlegare års mindreforbruk er nytta til finansiering av konsulentrapportar, og 2,3 av mastefond til finansiering av Hardangerbadet (2) og utescene til KORR-arrangement (0,3).

## 6 Rammeområda - drift

Tabellen under viser hovudoversikt drift fordelt på vedteke KOSTRA – tema for Kvam herad:

Hovudoversikt drift 2014. Fordelt på Kostra-tema							
Tema (i 1000 kr)	Forbruk tom 1.tertial 2014	Forbruk i % tom 1.tertial	Opphavleg budsjett		1. tertial 2014		
	Netto forbruk 2014	Netto	Br. utg. 2014	Netto utg 2014	Br. utg. 2014	Netto utg 2014	Endring 1. tertial
Politisk verksemd	1 012	25 %	4 182	4 076	4 982	4 076	0
Adm. og fellesutgifter	39 265	128 %	39 762	30 598	39 654	30 341	-257
Barnehagar	23 015	38 %	73 977	61 328	76 557	63 503	2 175
Grunnskule	57 735	38 %	167 248	150 209	167 599	150 372	163
Kommunehelse	10 742	39 %	34 692	27 554	34 700	27 562	8
Pleie- og omsorgstenesta	68 759	38 %	215 247	181 088	215 173	180 654	-435
Sosialteneste og NAV	10 306	39 %	28 380	26 597	27 863	26 079	-518
Barnevern	6 306	31 %	21 171	20 246	21 171	20 246	0
Bustader	(2 690)	89 %	13 997	-3 022	13 902	-2 947	75
Plan	2 216	30 %	19 266	7 480	19 266	7 780	300
Næringstøtte og komm. forretningsdrift	(2 427)	19 %	28 023	-12 668	30 023	-12 593	75
Brann og ulykkesvern	2 794	38 %	9 305	7 330	9 305	7 330	0
Samferdsle og grøntanlegg	3 800	27 %	17 511	14 304	18 053	14 846	542
Vatn avløp og renovasjon/avfall	(3 761)	119 %	37 945	-3 150	38 112	-2 983	167
Kultur	3 622	28 %	17 438	13 107	17 539	12 907	-200
Kyrkje	2 214	44 %	5 050	5 024	5 050	5 024	0
Skatt og rammetilskot	(245 533)	47 %	0	-523 094	0	-517 989	5 105
Finans	8 391	31 %	60 946	26 911	53 946	19 711	-7 200
Løn til fordeling	-	#DIV/o!	0	0	0	0	0
Motpost avskrivningar	-	0 %	0	-33 918	0	-33 918	0
<b>Sum</b>			<b>794 142</b>	<b>0</b>	<b>792 896</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

1. tertial 2014 viser nytt budsjett etter endringar i perioden januar til april 2014. Opphavleg budsjett viser vedteke budsjett i HST inkludert justeringar vedteke i budsjettmøtet.

Normalforbruket per 1. tertial er 36,8% på fastløn og 33,3% for jamne utgifter. På grunn av at dei store utgiftene og inntektene ikkje kjem jamleg gjennom året, vil forbruksprosenten ofte avvike frå normalforbruket.

På 1. tertail 2014 vert alle endringar på rammeområde samla i ein tabell. Endringane vert ikkje spesifisert på den enkelte funksjon i egne tabellar for kvart område.

### Forklaringar til endringar i budsjett 2014:

#### Politisk verksemd:

Konsulentbistand bestilt av samferdselutvalet har ein kostnad på 0,8 mill. kr. Kostnadsauken er justert for i 1. tertial. Kostanden er finansiert med fond, og nettoendring 0.

#### Administrasjon:

Kvam herad har i 2014 motteke 0,15 mill. kr i OU-midlar til delfinansiering av leiarutviklingsprogrammet. Ein generell reduksjon i kurs-budsjettet på 0,1 mill. kr er lagt inn som eit innsparingstiltak.

#### Barnehage:

Regjeringsskifte medførte at maksprisen i barnehage vart auka frå 2360,- til 2405,-. Dette utgjer ein auke i inntekter på 0,16 mill. kr.

Etter ei orientering i HST 08.04.14 gav HST administrasjonen klarsignal til å gjere nødvendige tiltak for at fleire born skulle få plass i barnehage frå hausten 2014. Det var spesielt utfordringar i forhold til for få plassar i Norheimsund. Oppsett av modulbygg til ein midlertidig avdeling tilknytt Norheimsund barnehage og utvidingar i andre barnehagar utgjer ein netto auke på 2,2 mill. kr i 2014.

#### Grunnskule:

Ordningane med kulturskule i SFO-tida og gratis frukt og grønt i ungdomsskule. For Kvam herad medfører det ein reduksjon i kostnader på 0,16 mill. kr.

#### Samferdsel:

Som fylgje av det kraftige uveret i midten av mars vart spesielt 10 områder råka av ras, noko som krev ekstra tiltak for opprydding og førebyggjande rassikring. Det totale omfanget er estimert til 1,6 mill. kr. For å finansiere arbeidet er budsjettet auka med 1,0 mill. kr.

#### Kultur:

I høve arrangementet «*Da Kork kom til bygda*» gjorde FSK, i møte 06.05.2014, vedtak om å løyve inntil 0,3 mill. kr. Budsjettet vert justert etter vedtaket, og pengane er henta frå 25600013 – Mastekompensasjon.

#### Skatt:

Ein forventa reduksjon i det ordinære rammetilskotet og auke i det inntektsutjamnande tilskotet gjer at rammetilskotet frå staten totalt sett er redusert på 1. tertial med 0,47 mill. kr. Skatteinntektene er redusert med 4,6 mill.

#### Finans

Reduksjon i renteutgifter og auke i aksjeutbytte på til saman 0,7 mill. kr, er med på å saldere auken i budsjett på 1. tertial. Resterande 6,5 mill. kr må hentast frå fond for å dekke auken i budsjett etter 1. tertial.

#### På tvers av rammeområda:

Teknisk eining har gjort ulike reduksjonar på tvers av rammeområda for å dekke inn noko av den forventa kostnadsauken knytt til tekniske tenester.

I tillegg er det gjort diverse endringar, som totalt sett går i null, både innanfor og på tvers av einingane.

## 7 Økonomisk hovedoversikt - investering

Økonomisk hovedoversikt – investeringsbudsjett 2014, endringer i 1. tertial

<b>ØKONOMISK OVERSIKT -</b>						
<b>B. INVESTERING (tusen kr)</b>						
			<b>Opph.bud</b>	<b>Budsjett 2014</b>		
<b>INVESTERINGSINTEKTER</b>		<b>Rek 2014, 1T</b>	<b>2014</b>	<b>etter 1. tertial</b>	<b>Endring 1. tertial</b>	
LN01	Sal av driftsmidler og fast eiendom	0	3 000	3 000	0	
LN02	Andre salgsinntekter	40	0	0	0	
LN03	Refusjoner	400	8 992	10 592	1 600	
LN04	Kompensasjon for mva	1 146	17 669	20 644	2 975	
LN06	Andre overføringer	1 050	0	1 625	1 625	
<b>LN08</b>	<b>Sum inntekter</b>	<b>L</b>	<b>2 636</b>	<b>29 660</b>	<b>35 860</b>	<b>6 200</b>
<b>INVESTERINGSUTGIFTER</b>						
LN09	Lønnsutgifter	297	409	409	0	
LN10	Sosiale utgifter	42	167	167	0	
LN11	Kjøp av varer og tenester i kommunal eigenproduksjon	15 085	201 438	218 116	16 678	
LN12	Kjøp av tjenester som erstatter egenproduksjon	0	1 500	1 500	0	
LN13	Overføringer	1 646	18 169	20 936	2 767	
LN14	Renteutgifter og omkostninger	0	0	0	0	
LN15	Fordeelte utgifter	50	0	0	0	
<b>LN16</b>	<b>Sum utgifter</b>	<b>M</b>	<b>17 120</b>	<b>221 681</b>	<b>241 126</b>	<b>19 445</b>
<b>FINANSUTGIFTER</b>						
LN17	Avdragsutgifter	789	2 000	2 000	0	
LN18	Utlån	3 455	20 000	20 000	0	
LN19	Kjøp av aksjer og andeler	0	200	200	0	
LN21	Avsatt til ubundne investeringsfond	0	3 000	3 000	0	
<b>LN23</b>	<b>Sum finansransaksjonar</b>	<b>N</b>	<b>4 244</b>	<b>25 200</b>	<b>25 200</b>	<b>0</b>
<b>LN24</b>	<b>Finanseringsbehov</b>	<b>O=M+N-L</b>	<b>18 729</b>	<b>217 221</b>	<b>230 466</b>	<b>13 245</b>
<b>FINANSIERING</b>						
LN25	Bruk av lån	3 405	187 141	200 333	13 192	
LN27	Mottekte avdrag på utlån	730	2 000	2 000	0	
LN30	Bruk av disposisjonsfond	0	0	53	53	
LN31	Bruk av bundne driftsfond	50	6 020	6 020	0	
LN32	Bruk av ubundne investeringsfond	0	12 060	12 060	0	
LN33	Bruk av bundne investeringsfond	0	10 000	10 000	0	
<b>LN34</b>	<b>Sum finansiering</b>	<b>R</b>	<b>4 185</b>	<b>217 221</b>	<b>230 466</b>	<b>13 245</b>
<b>LN35</b>	<b>Udekket/udisponert</b>		<b>14 544</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Kommentar til investeringsrekneskapen (tal i MNOK):**

**LN08 – Sum inntekter går opp med 6,2**

P71092 – Strandvegen er justert for auke i inntekter i form av overføringer frå stat og fylke på 3,2. Resten av inntektsauken skuldast auka momskompensasjonsinntekt som fylgje av nye eller auka prosjektrammer.

**LN16 – Sum utgifter aukar med 19,4**

På 1. tertial er det oppretta tre nye prosjekt. P18141 – Oppussing kjeller (0,625), P62141 – Opprusting Storeteigen (0,875) og P62142 – Brannsikring Grøne bygget (1,25).

I tillegg til dei nye prosjekta er det lagt inn rammeauke på prosjekta P18132 – Oppgradering av HST-sal (0,87) P60146 – Fornyning teknisk utstyr 2014 (0,5), P61131 – Rassikring – murar (0,85), P71092 – Strandvegen (3,22) og P90131 – Ålvik skule (11,25).

**LN34 – Sum finansiering**

Auken på Strandvegen er finansiert med eksterne midlar. Disposisjonsfond er brukt for å finansiere 0,05 på HST-sal og 0,2 på rassikring-murar. Resterande vert finansiert ved bruk av lån.



## 8.1 Nye prosjekt i tertialen

### **P18141 – Oppussing kjeller**

Det er lagt inn 0,5 mill.kr ekskl. mva til oppussing av kjellaren på Rådhuset. Mva utgjør kr 125.000

Finansiering:

Lån	kr	500 000
Sum finansiering	kr	500 000

### **P19141 – Hardangerbadet**

Det er lagt inn 2,0 mill.kr til prosjektet.

Finansiering:

Mastefond	kr	2 000 000
Sum finansiering	kr	2 000 000

### **P62142 – Brannsikring grønne bygget**

Ramma er på 1,0 mill. kr ekskl. mva. Mva utgjør kr 250.000

Finansiering:

Lån	kr	1 000 000
Sum finansiering	kr	1 000 000

## 8.2 Endra prosjektrammer i tertialen

### **P18132 Oppgradering av HST-sal**

Prosjektet er auka med 0,7 mill.kr ekskl. mva.

Finansiering:

Bruk av disp.fond (mva.kompensasjon)	kr	50 000
Lån	kr	720 000
Sum finansiering		770 000

### **P60146 – Fornying teknisk utstyr 2014**

Prosjektet er auka med 0,5 mill. kr.

Finansiering:

Lån	kr	500 000
Sum finansiering	Kr	500 000

### **P61131 Rassikring – murar**

Prosjektet er auka med 0,45 mill. kr ekskl. mva.

Finansiering:

Bruk av disposisjonsfond	kr	200 000
Lån	kr	450 000
Sum finansiering		650 000

### **P62141 – Opprustning av Storeteigen**

Ramma er på 0,7 mill. kr ekskl. mva. Mva utgjør kr 175.000

Finansiering:

Lån	kr	700 000
Sum finansiering	kr	700 000

**P71092 – Strandvegen**

Prosjektet er auka med 3,225 mill. kr.

Finansiering:

Refusjonar frå staten	kr	1 600 000
Overføringar frå fylket	kr	1 625 000
Sum finansiering		3 225 000

**P90131 – Ålvik skule**

Prosjektet er auka med 9,6 mill. kr ekskl. mva.

Finansiering:

Bruk av disposisjonsfond	kr	
Lån	kr	9 322 000
Sum finansiering		



## 9 Statuskommentar til budsjettvedtak, sak 087/13

Nummer	Tekst	Status
<b>1. Hovudstrategi for Kvam herad</b>	<p>a. Kvam herad skal i tillegg til lovpålagte oppgåver og servicetenester til innbyggjarane arbeida for vekst i folketalet, auka sysselsetjing og verdiskaping. For å auka interessa for Kvam herad som etableringsstad med bustadbygging og næringsverksemd, er arealdisponering og eit godt vegnett internt og ut av heradet viktig. Vidare skal Kvam herad vera ein ja-kommune, vera service- og løysningsorienterte og med fokus på positive haldningar i alt arbeid og i all kontakt utad. Kvam herad er i dag eit fleirkulturelt samfunn, som skal ha stort fokus på likestilling og integrering.</p>	<p>Ny næringsplan, bustadplan, integreringsplan og kommuneplan er under utarbeiding, og er viktige reiskapar for å nå desse måla.</p> <p>Rådmannen har utarbeidd eit nytt visjons- og strategidokument. Dokumentet er gjennomgått i leiarsamling og i FSK og HST, og vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med planar og målsetjingar.</p>
	<p>b. Kvam herad skal ha ein sunn økonomi. Rådmannen skal arbeida for å minimera utgifter og maksimera inntekter for lovpålagde tenester og andre tenester som vert prioritert av Kvam heradsstyre. Servicenivået for ikkje-lovpålagde tenester skal vurderast som innsparingstiltak. Eigedomsskatt på bustad og fritidsbustader skal reduserast til 3 promille i 2015, til 2,5 promille i 2016, til 2 promille i 2017, og fjernast så snart økonomien tillet det.</p>	<p>Bortfall av mva.kompensasjon av investeringar, skatt og rammetilskot reduserer netto driftsresultat. Arbeidet med innsparingstiltak må halda fram.</p> <p>Reduksjon av E-skatt er innarbeidd i øk.planperioden.</p>
	<p>c. Planarbeidet i 2014 skal utførast ihht vedteken planstrategi og -program.</p>	<p>Planprogrammet vedteke og arbeidet med enkeltplanar har starta opp.</p>
<b>2. Skatt på eige og inntekt</b>	<p>Skatt på eige og inntekt vil verta utlikna med maksimalsatsane.</p>	<p>Lagt til grunn i skatterekneskapan.</p>
<b>6.Skattemargin</b>	<p>Avsetnad til skattemargin er 10%.</p>	<p>Lagt til grunn i</p>

		skatterekneskapen.
<b>7. Eigedomsskatt 2014</b>	<p>a) Med heimel for utskrivning i medhald av Eigedomsskattelova § 2 og 3, skal eigedomsskatten i 2014 gjelda heile heradet.</p> <p>b) Eigedomsskattesatsen i 2014 vert 7,0 promille i samsvar med eigedomsskattelova § 11, fyrste ledd.</p> <p>c) Differensiering: I medhald av eigedomsskattelova § 12 bokstav a, vert skattesatsen (skattøyre) for bustader og fritidshus sett til 3,5 promille.</p> <p>d) Botnfrådrag: Det vert ikkje gjeve botnfrådrag på bustaddelen i eigedomar/fritidseigedomar.</p> <p>e) Fritak for eigedomar etter eigedomsskattelova § 7 vert gjeve for eigedomar som fell inn under § 7 a (Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten) og § 7 b (bygning som har historisk verde).</p> <p>f) Nyoppført bygning som vert nytta til husvæerevert etter søknad fritaken for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova i § 7 i 5 år frå den tida bygningen vart ferdig eller heradsstyret endrar eller opphevar fritaket.</p> <p>g) Takstvedtekter for eigedomsskatt i Kvam herad vedteke i heradstyre 17.12.2013 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2014, jf. Eigedomsskattelova §10.</p>	Punkt a-g er lagt til grunn for utfakturering av eigedomsskatt
<b>5. Låneopptak</b>	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som	Ubrukte lånemidlar pr. 1.1.2014 utgjorde 103,3 mill.kr, dvs. at behovet for nye lån var ca 82 mill.kr. Så langt er det teke opp

	dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar. Lånebehovet for 2014 er på 185 mill.kr med fråtrekk av ubrukte lånemidlar pr. 1.1.2014.	lån for 76,75 MNOK.
<b>6. Husbanklån</b>	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 20,0 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).	Det er søkt om 20 mill.kr i Husbanklån, men førebels ikkje teke opp noko nytt lån.
<b>7. Refinansiering</b>	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikne lånekontraktar.	Det er refinansiert 183,25 MNOK. Vekta gjennomsnittrente har gått ned frå 3,2% i 2013 til 2,72% i 2014
<b>8. Låneavdrag</b>	Det skal betalast 29,7 mill.kr i avdrag i 2014. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålsteneleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.	Det er betalt 5,6 i avdrag per 1. tertial.
<b>9. Trekkrett</b>	I følge vedteken plasseringsstrategi for Kvam herad vert det vedteke å oppretthalde trekkrett i kontosystemet til Kvam herad. Trekkretten for 2014 skal vera på inntil 40 mill.kr.	Trekkretten er lite nytta.
<b>10. Delegeringsreglement</b>	Budsjettet for 2014 er definert gjennom obligatoriske hovudoversikter for drift og investering. Rådmannen får fullmakt til å fordela ramma i samsvar med underliggjande dokumentet og tabellar. Prosjekt vert vedtekne i særskilde tabellar.	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
<b>11. Justering av prosjekt i tid</b>	Rådmannen får fullmakt til å justera budsjetta for prosjekt i høve til endringar i tid.	Eventuelle justeringar er omtala i eige kapittel i tertialen.
<b>12. Prisar og gebyr</b>	Avgiftsbudsjett og kommunale gebyr vert vedteke i samsvar med føresetnader i eiga sak.	Det vart gjort endringar i prisen for semesteravgifta for 1. året i Kulturskulen.
<b>13. Økonomisk sosialhjelp</b>	Økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga er ei skjønsmessig yting, jf. § 18. Kvam herad nyttar satsar som er i samsvar med statlege rettleiande retningslinjer for utmåling av økonomisk stønad til livsopphald. Kvam herad set som vilkår for tildeling av økonomisk stønad, at mottakaren i stønadsperioden skal utføra passande arbeidsoppgåver i	Prosjekt «aktivitet for sosialhjelp» vert starta opp i sommar i samarbeid med teknisk eining. Aktiviteten vert utvida hausten 2014 ulike gruppetiltak.

	kommunen, jf. § 20.	
<b>14. Kjøp av eigedomar</b>	Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om kjøp av eigedomar på inntil 4 mill.kr.	Fullmakta er førebels ikkje nytta.
<b>15. Krisesituasjonar</b>	Rådmannen får fullmakt til å omdisponera ressursar for opp til 2 mill.kr som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.	Fullmakta er førebels ikkje nytta.
<b>16. Kraftinntekter</b>	Heimfallsinnteker og sal av konsesjonskraft utover opprinneleg budsjett for 2014, skal setjast av i eit kraftfond.	Prognosane viser ein kraftig reduksjon i inntektene, og ingen avsetning.
<b>17. Flyktninger</b>	Kvam herad presiserer tidlegare vedtak om antal på 15 flyktingar pr. år til å innbefatta familiegjenforening	Kvam herad har ikkje teke imot flyktingar 1. tertial grunna m.a. manglande eigna bustader.
<b>18. Tenesteutvalet</b>	Tenesteutvalet vert lagt ned frå mars 2014, og politikarar vert engasjerte i aktuelle ad-hoc utval etter behov og ynskje med målsetjing om tettare dialog mellom administrasjon og heradstyre i aktuelle plansaker etc. Administrative tjenester må tilpassast eit redusert utvalsarbeide.	Reduksjonen er innarbeidd i økonomiplanen.  Auka utgifter til Samferdselesutval (SAUT) er ikkje innarbeidd. Rådmannen kjem attende til dette i 2. tertial.
<b>19. Politisk organisering</b>	Det vert lagt fram ei sak for heradstyret i 2014 på ny politisk organisering, med vurdering av antal heradstyremedlemer, aktuelle utval og organisering av ansvarsområde, gjeldande frå og med kommunevalet 2015.	I HST-møte 19.5.14 vart det sett ned eit utval som skal arbeida med desse problemstillingane.
<b>20. PPT</b>	Skulane skal saman med PPT arbeida systematisk for å redusera behovet for spesialundervisning. Grunnlaget for spesialundervisning er ei sakkunnig vurdering knytt til eleven sitt utbyte av ordinær undervisning. Gjennom systemarbeid og kompetansehevande tiltak i skulane, skal elevar med lettare lese og skrivevanskar få opplæring gjennom tilpassa undervisning. (ref. §5-3 opplæringslova)	Sjå eigen kommentar under

<p><b>21. Organisering i skule</b></p>	<p>Skulane skal arbeida med utgangspunkt i at alle elevar på same trinn kan organiserast i ulike basisgrupper, store eller små, som ivaretek elevane sitt behov for sosial tilhøyrse</p> <p>og ut frå intensjonen om å gje kvar einskild elev tilstrekkeleg utbyte av undervisninga.</p> <p>Gruppene skal ha ein eller fleire lærarar (kontaktlærarar) som har særleg ansvar for dei praktiske, administrative og sosialpedagogiske gjeremåla som gjeld gruppa. Målet er god læring for alle.</p> <p>Heradstyre ønskjer at skulane skal tenkja heilskapleg på kvart trinn og organisera elevar og læringsaktivitetar ut frå ei vurdering av kva som gjev den beste læringa for kvar einskild elev. Opplæringslova seier at det skal vera tilstrekkeleg med ressursar og utstyr for å gjennomføra ulike læringsaktivitetar ut frå mål.</p>	<p>Sjå eigen kommentar under</p>
<p><b>22. Skulestruktur</b></p>	<p>Skulestrukturen skal liggja slik han no er, og for Ålvik og Tørvikbygd.</p>	<p>Det er ikkje gjort endringar i skulestrukturen, og utvida rammer for ny skule i Ålvik er vedteke</p>
<p><b>23. Legevakt</b></p>	<p>Legevakt skal oppretthaldast i Kvam</p>	<p>Legevakta er oppretthalden</p>
<p><b>24. IKT satsing</b></p>	<p>Rådmannen må leggja fram ei sak om meir føremålstenleg og framtidretta IKT satsing. Dette gjeld i oppvekst, helse og omsorg og administrasjon og det skal leggjast</p>	<p>Sak om Digitaliseringsstrategi for Kvam herad er på høyring i organisasjonen, og kjem opp som politisk sak i september-</p>

	vekt på organisering, ressursar og kompetanse.	møte.
<b>25. Servicebygg Mundheim</b>	Kvam herad tar ansvar for oppføring av servicebygg ved Mundheim terminal. Bygget er fullfinansiert av midlar frå KNR(kompensasjonsmidlar), frå Hordaland fylkeskommune og midlar frå sal av tidligare Mundheim skule. Rådmannen må gå i forhandlingar med Hordaland fylkeskommune som vegeigar, for at HFK skal ta seg av drifta av bygget. Dette servicebygget er viktig ved «innfalsporten» til Hardanger og Kvam på Fv.49.	
<b>26. Utekontakten</b>	Utekontakten blir vidareført inntil målsetjinga om godt førebyggjande arbeid blant ungdom vert ivareteke under Kvam familie- og læringscenter.	Ungdomsarbeid vert utført i tråd med HST vedtaket og arbeidet med ivaretaking av ungdomsarbeidet i KLF er starta
<b>27. Bustader</b>	Rådmannen får i oppdrag å leggja fram ei sak som viser prinsippa for sal av kommunale tomter, både til privatbustad og til næring, om dei skal seljast til kostpris eller marknadspris. Heradet må igjen få ein portal som til ei kvar tid viser kva tomter som er til sals (lenke til private tomter, både til næring og bustader, må gjerast godt synleg).	Prinsippsak vert teke i samband med bustadplanen. Bustadplanen er forseinka. Publisering på nettet vert teke opp etter at kommunen har fått ny portal (eige prosjekt).
<b>28. Driftsbudsjett 2014-2017</b>	Driftsbudsjettet vert vedteke i samsvar med tabellen nedanfor og underliggjande tabellar (tal i 1.000 kr)	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
<b>29. Rammeområde</b>	Budsjettet vert fordelt på rammeområde i samsvar med tabellen nedanfor, jfr. Økonomireglementet for Kvam herad (tal i 1.000 kr)	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i tertialen.
<b>30. Investeringsbudsjett</b>	Investeringsbudsjettet vert vedtek i samsvar med tabellen nedanfor og	Eventuelle endringar vert kommentert i eige kapittel i

<b>2014-2017</b>	underliggjande tabellar (tal i 1.000 kr)	tertialen.
<b>Tabell med endringar i budsjettframlegg 2014 – 2017</b>	Tal i 1.000 kr	
	1. Eigedomsskatt just. lhht. hovudstrategi Pkt. 1 b). Auka med 5.700 i 2015 og 2.800 i 2016	Innarbeidd i øk.plan
	2. Grunnbemanning barnehage. Auka med 500 i 2014 og 1.000 i 2015	Vidareført dagens nivå for grunnbemanning (6,2 einingar pr. årsverk) i tråd med HST vedtaket.
	3. Tidleg innsats. Auka med 210 i 2014 og 462 i 2015	Sjå kommentar under
	4. Kulturskulen, pris ned år 1. Auka med 75 i øk.planperioden.	Tiltaket er gjennomført.
	5. Utekontakt. Auka med 300 i 2014 og 2015.	Ungdomsarbeid vert utført i tråd med HST vedtaket og arbeidet med ivaretaking av ungdomsarbeidet i KLF er starta
	6. Strakstiltak Kvam rehab (2-sengsrom). Auka med 1500 i 2014	4 ekstrasenger er oppretta og i bruk.
	7. Tilbakeføring av generell nedskjering i budsjett. Auka med 500 i 2014	Innarbeidd i budsjettet
	8. Konsulentmidlar planar. Auka med 500 i 2014	Midlane er ikkje brukt så langt i 2014
	9. ENØK. Auka med 100 i 2014, og red. med 40 pr. år i resten av øk.plan.	
	10. Grendautval, auke i tilskot ca.50 pr. år i øk.planperioden	Innarbeidd i øk.plan, og utbetaling til grendautval dobla i 2014.
	11. Avslutta Tenesteutvalet. Redusert med 300 i 2014 og 500 i 2015	Innarbeidd i øk.plan. Utgifter til SAUT ikkje innarbeidd.
	12. Auka ramme Kyrkjeleg fellesråd / slått kyrkegardane med 200 pr år 2014-2016	Innarbeidd i øk.plan
	13. Opningsarr. Steinsdalsfossen, 100 i 2014 finansiert med avkastning mastemidlar	Prosjektet vert gjennomført i samsvar med oppsett plan den

		21. juni 2014
	14. Avkøyring Mo, 250 i 2014 finansiert med næringsfond	Oppretta invest.prosjekt P61141. Prosjektet har ikkje starta opp.
	15. Tilrettel. nytt næringsareal Mo, 2.500 i 2014 finansiert med næringsfond	Oppretta invest.prosjekt P61142. Prosjektet har ikkje starta opp.
	16. Deltaking i veg Sandvenhagen/Sæland –oppdydding, 3.000 i 2014 finansiert med bustadfond	Oppretta invest.prosjekt P61143
	17. Opprusting Storeteigen, 150 i 2014 finansiert med næringsfond	Oppretta invest.prosjekt P62141. Foreslått utvida i 1. tertial.
	18. Opprustn. Aldersboligar Ålvik – manglande finansiering ref. P60135, 1.500 i 2014, finansiert med lån, refusjon og mva.komp.	Utvida prosjektrammer P60135
	19. Bygging av 2 modulhus, 2.000 i 2014 finansiert med lån	Oppretta invest.prosjekt P17141
	20. Rest til disp.fond. Ny avsetning disp.fond 9.255 i 2014, 6.155 i 2015, 2.655 i 2016 og 55 i 2017.	Innarbeidd i budsjettet.  I 2015 er summeringa i vedtaket feil, rett sum er 6.055. I 2017 er det ikkje ei avsetning, men bruk av fondsmidlar.

#### **Kommentarar til pkt 20 og 21 i budsjettvedtaket:**

##### **20. PPT**

*Skulane skal saman med PPT arbeida systematisk for å redusera behovet for spesialundervisning. Grunnlaget for spesialundervisning er ei sakkunnig vurdering knytt til eleven sitt utbyte av ordinær undervisning. Gjennom systemarbeid og kompetansehevande tiltak i skulane, skal elevar med lettare lese og skrivevanskar få opplæring gjennom tilpassa undervisning. (ref. §5-3 opplæringslova)*

##### **21. Organisering i skule**

*Skulane skal arbeida med utgangspunkt i at alle elevar på same trinn kan organiserast i ulike grupper, store og små, ut frå intensjonen om å gje kvar einskild elev tilstrekkeleg utbyte av undervisninga og sosial tilhørgheit i ei gruppe. Målet er god læring for alle. Opplæringslova set i utgangspunktet ikkje ei begrensing på kor store gruppene kan vera, det er berre krav om tilstrekkeleg med ressursar og utstyr. Heradstyre ønskjer at skulane organiserer elevar og læringsaktivitetar ut frå ei vurdering av kva som gjer den beste læringa for kvar einskild elev. Skulane skal ikkje dela trinna i klassar men i formålstenlege grupper ut frå læringsmål og aktivitet. (ref. § 8-2 opplæringslova)*



## **Utvikling nasjonalt og lokalt.**

På landsbasis har tal elevar som mottok spesialundervisning vore aukande, slik er det også i Kvam. Det vert arbeidd på mange hald med å endre denne trenden, både nasjonalt og regionalt, for at fleire elevar skal få den hjelpa dei treng **innan ordinær undervisning** med tilpassa opplæring.

**Nyare forskning** viser at dei fleste elevar har betre utbytte av opplæringa når dei er i klassane, enn når dei vert organisert ute av gruppa. Effekten av spesialundervisning ute av klassen har vist seg å ikkje vera så stor som ein har ønska. Fleksible system med jamleg korrigering av undervisninga gjev betre resultat (Norsk skuleforskar Thomas Nordahl 2011, Internasjonal skuleforskar John Hattie 2013).

**Tradisjonell spesialundervisning** for elevar med vedtak om få timar, har vore timeplanfesta kvar veke utan at eleven nødvendigvis har fått hjelpa i dei øktene han/ho treng det mest. Vedtak om spesialundervisning sikrar nødvendigvis ikkje kvaliteten på opplæringa, men det sikrar IOP og klagerett. Rettighetar utanfor fellesskapet kan føre til større avstand, medan målet er inkludering.

Frå og med hausten 2014 vil Kvam Herad byggja opp nye støttesystem på kvar skule, som skal overta og ivareta hjelp til ei gruppe elevar som tidlegare har hatt vedtak om spesialundervisning

Målgruppa for omlegginga er i første omgang elevar med få timar spesialundervisning, i høve vanskar med lesing-skriving/dysleksi, matematikk, planlegging, konsentrasjon eller som treng meir tid for å få utbytte av opplæringa. I neste omgang vil ein føreta ei vurdering og omlegging av andre elevgrupper. Elevar med store hjelpebehov som treng avvik i kompetansemåla, vil framleis få spesialundervisning.

- ***Kva vil me endra på:***

- Unngå så høgt tal elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning som me har i dag.
- Unngå at elevar vert ekskludert frå læringsfellesskapet gjennom stadig smågruppe- eller eineundervisning.
- Unngå at ein urimeleg stor del av skulen sine ressursar vert bundne opp til spesialundervisning.
- Unngå at spesialundervisninga vert fragmentert og tilfeldig, der resttimar vert delt ut til spesialundervisning.

- ***Kva vil me oppnå:***

- Senka tal elevar med enkeltvedtak.
- Styrka den tilpassa opplæringa.
- Auka fleksibiliteten i organiseringa av dei ordinære undervisningsgruppene.
- Ta i vare alle elevane innanfor dei ordinære undervisningsgruppene så langt det let seg gjere, og dei med enkeltvedtak om spesialundervisning.

- Betra læringa hjå alle elevane i Kvam. Alle skal oppleve meistring.
- Byggja opp eit støttesystem ved skulane som skal styrka læringsmiljøet og bidra heilskapleg i arbeidet med enkeltelevar og grupper.
- 
- ***Kva er kriterier for måloppnåing?***
  - Innan hausten 2016 er tal elevar med vedtak om spesialundervisning senka til 8 %.
  - Styrka tilpassa opplæring skal vere synleg gjennom læringsaktivitetar og undervisningsmetodar framkomne og utvikla gjennom kompetanseheving, erfaringsdeling og felles refleksjon.
  - Alle elevane er inkluderte i læringsfellesskapet.
  - Kortsiktig betra læringsresultat, gjennom systematisk resultathandsaming.
  - Langsiktig betra resultat på Nasjonale prøvar og eksamen; innan 2018.
  -
- ***Korleis skal tiltaka bidra til å fremma måla***
  - Skrive nye sakkunnige vurderingar og enkeltvedtak for ein del elevar.
  - Byggja opp støttesystema i skulane. Støtteteam på kvar skule vil ha ansvar for hjelp til einskildelevar og grupper. Deler av spesialundervisninga vil løysast opp, ressursane vert samla i eit meir fleksibelt støttesystem, slik at elevane kan få hjelpa fortløpande i dei ordinære undervisningsgruppene, som intensivkurs eller i grupper. Opplæringa vil korrigerast jamleg.
  - Omlegginga har ei pedagogisk og spesialpedagogisk grunngjeving i høve kva som gjev elevar tilfredsstillande læringsutbyte, med fokus på trivsel og meistring i læringsfellesskapet
  - Kompetanseheving til lærarane; interne og eksterne kurs, lærande nettverk, opplæring i alle tilgjengelege metodar me har (verktøykassa).
  - Systematisk vurdering av systemarbeidet og enkeltelevar.
  - Knyta prosjektet til vidareføring av Vurdering for læring i heradet, skulebasert kompetanseutvikling SKU pulje 2, systemarbeidet Tidleg innsats, og Ny Giv.
  -
- ***Kva kunnskap er tiltaka basert på?***

Tiltaka er i hovudsak basert på nyare skuleforskning, jfr Hattie 2009, Nordahl 2011 og Terje Manger sine studiar.

Forskning viser at spesialundervisninga ikkje har hatt den effekt ein skulle ynskje. Kvam vil ta konsekvensane av det, og endra deler av spesialundervisninga, slik at elevane får meir fleksibel hjelp i klasserommet eller som intensivkurs i periodar. Nyare forskning peikar på at 75 % av læringa er knytt til læraren og læringsmiljøet, og det stiller krav til vårt fokus på skulemiljø/klasse miljø og synleg

læring med forventning om meistring; « Trying to talk people into feeling good about themselves» (Banduras 1997). Hattie (2009) peikar på den store effekt læraren har på læring, og då særleg relasjonen lærer/elev og god klasseleiing. Dette betyr at me må snu fokus frå individtenking til læringsmiljø- og relasjonstenking. Trivsel er viktig for framgang og læring, og fokus på læraren sin kompetanse er sentral. Ved å involvera eleven i sine læringsprosessar, kan ein redusera «lært hjelpeløshet» (Covington 1992) og auka kontrollplassering (Julian Rotter), dvs auka indre kontrollplassering og involvering (Weiner 1996).

**Målsetjing: Skulen skal organisere undervisninga slik at flest mogeleg kan delta i fellesskapet.**

Målet med omlegginga er å ha ein felles strategi og kvalitet på opplæring, slik at fleire elevar skal få den hjelpa dei treng i ordinær opplæring med tilrettelegging. Elevar i Kvammaskulen skal føla seg inkludert i læringsaktivitetar tilpassa deira behov. I fellesskap skal me utvikla opplæringstilbodet på fleire område, og dette handlar blant anna om å støtta seg til nyare forskning om kva tiltak som gjev god effekt, og om å ta gode spesialpedagogiske prinsipp med inn i ordinær opplæring. Gjennom desse felles endringane har me tru på at skulane får eit løft som vil gje fleire elevar i Kvam auka utbyte av ordinær undervisning.

## 10 Fondsoversikt

Oversikt over fond og kor mykje som er bunde i perioden 2014-2017.

Fondsmidlar i øk.planperiode	Fondsmidlar i øk.planperiode	Saldo fondsmidlar 01.01.2014 (S)	Endring fondsmidlar 201401- 201412	Herav prosjekt merka 2014	Herav diverse merka 2014	Estimert saldo pr. 31.12.17 (ES=L+A)
25100004	Tilbakeførte midlar KLP (ref. flytting til STB)	976 119	0	0	0	976 119
25110001	Øyremerka tilskot, gåver ol.	4 960 090	-167 601	569 365	3 840 431	382 693
25130001	Gåver Øysteseheimen	153 772	0	0	0	153 772
25130003	Gåver Strandeb.aldersheim	292 764	-19 432	0	0	273 331
25130004	Gåve Frå Gudrun Møhr 90	19 310	0	0	0	19 310
25130005	Psykiatri	16 074	0	0	0	16 074
25130008	Gåve Sverre Soldal	713 247	0	0	0	713 247
25130010	Gåve til Kalhagen Bufellesskap	9 150	0	0	0	9 150
25130011	Gåve Toloheimen	87 017	0	0	0	87 017
25130012	Gåve Øysteseheimen - B.Botnen	652 318	0	0	0	652 318
25130013	Hardanger/Voss kompetanseregion	706 020	0	0	656 020	50 000
25130014	Gåver Lokalmed. senter (Rehab.)	1 310	0	0	0	1 310
25130015	Gåver Kvam legevakt	2 000	0	0	0	2 000
25140002	Næringsfond	22 023 846	-50 000	14 699 941	100 000	7 173 905
25140003	Parkeringsplassar	90 000	0	0	0	90 000
25140004	Fiskefond	421 859	29 787	0	0	451 645
25140005	Næringsutvikling I Kvam	946 392	0	0	0	946 392
25140006	Overførte midlar frå Ålvik vekst	756 631	0	0	0	756 631
25142051	Fond tap på etableringslån	446 658	0	0	0	446 658
25160010	Fond Viltforvaltning	293 957	-14 385	0	0	279 572
25160020	VAR-fond (overskot)	25 427 451	0	0	0	25 427 451
<b>Sum 2.51 bunde driftsfond</b>	<b>Sum 2.51 bunde driftsfond</b>	<b>58 995 985</b>	<b>-221 632</b>	<b>15 269 307</b>	<b>4 596 451</b>	<b>38 908 596</b>
25300001	Kapitalfond	330 639	0	0	0	330 639
25300002	Uttak Eigenkap.K.Kraftv	30 968 940	0	11 660	0	30 957 280
25300003	Inv.Fond Kvam Kraftverk	12 797 788	0	0	0	12 797 788
25300004	Fond Overf.Frå Bkk	13 062 893	0	0	0	13 062 893
25310001	Flyktningefond - investering	140 529	0	0	0	140 529
25360003	Bustadfelt-Fond	24 728 786	0	11 615 986	0	13 112 800
25360006	Grønning Gard (holmsund)	0	0	0	0	0
25392001	Innløyste Formidlingslån	6 192 678	0	0	0	6 192 678
<b>Sum 2.53 ubunde kapitalfond</b>	<b>Sum 2.53 ubunde kapitalfond</b>	<b>88 222 253</b>	<b>0</b>	<b>11 627 646</b>	<b>0</b>	<b>6 192 678</b>
25510000	Innbet. Husbanklån	6 418 007	0	0	0	6 418 007
25510001	Tilflyktsrom	450 176	0	0	0	450 176
25530003	Heis Ved Øysteheimen	9 297	0	0	0	9 297
25530005	Gåve T.Breievne Str.Aldersh	6 721	0	0	0	6 721
25550001	Vikøy Kyrkjegardsfond	45 854	0	0	0	45 854
25550003	Tusenårsjubileum	178 235	0	0	0	178 235
25563003	Pumpestasjon	83 165	0	0	0	83 165
<b>Sum 2.55 bunde kapitalfond</b>	<b>Sum 2.55 bunde kapitalfond</b>	<b>7 191 456</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>83 165</b>
25600000	Disposisjonsfond	7 401 365	0	0	0	7 401 365
25600013	Mastekompensasjon	24 520 496	0	-59 604	3 500 000	21 080 100
25600100	Mva.komp. frå investeringsprosjekt	6 058 303	0	-1 212 513	0	7 270 816
25600200	Disp.fond - ekstra kraftinntekter	993 782	0	0	0	993 782
<b>Sum 2.56 disposisjonsfond</b>	<b>Sum 2.56 disposisjonsfond</b>	<b>38 973 946</b>	<b>0</b>	<b>-1 272 117</b>	<b>3 500 000</b>	<b>36 746 063</b>
25950000	Rekneskapsmessig mindreforbruk	2 356 125	0	0	800 000	1 556 125
<b>Sum 2.595 rekneskapsmessige</b>	<b>Sum 2.595 rekneskapsmessige overskot</b>	<b>2 356 125</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>800 000</b>	<b>2 356 125</b>

## 11 Vedlegg

- Finansrapport
- Gjeldsrapport